

VEDTEKTER FOR SKAKKE AS

[dato]

1. Namn

Selskapets namn er Skakke AS.

2. Forretningskontor

Selskapets forretningskontor er i Etne kommune.

3. Verksemd/føremål

Selskapets føremål er å fremje idretts- og kulturaktivitetar i Skakkesenteret (gnr. 9 bnr. 180 i Etne kommune), ved å gje aksjeeigarane tilgang som leigetakarar av selskapet si eigarseksjon i bygget. Selskapet sin eigarseksjon blir i det vidare omtala som "Eigedommen". Dersom selskapet blir eigar av anna eigedom, vil føremålet også omfatta den.

Eigedommen inneheld idrettsanlegg og areal for kulturaktivitetar. Eigedommen skal nyttast som regionalt og lokalt kulturbygg og til idrettsaktivitetar på ein måte som stimulerer til utvikling av kultur- og idrettsaktivitetane i regionen.

Eigedommen skal nyttast til alle kultur- og idrettsaktivitetar og anna verksemd i den grad det tener hovudformålet til selskapet, innafør gjeldande lovar, reglar og lovlege formål, så vel som utdanningstilbod og offentlege kultur- og idrettstenester.

Ingen skal stengjast ute frå selskapet eller bli nekta å leige grunna religiøse, sosiale eller politiske syn.

4. Aksjekapital – aksjanes pålydande

Selskapets aksjekapital er kr [beløp] fordelt på [tal aksjar] kvar pålydande kr [beløp].

5. Styremedlemmer

Selskapets styre skal bestå av 5 medlemmar. Alle styremedlemmane skal veljast av generalforsamlinga.

Styremedlemmane vert valde for 2 år om gongen. Halvparten av styremedlemmane skal skiftast ut kvart år.

Vararepresentantar for styremedlemmene utanom dei faste medlemmene blir valde etter nummerorden. Vararepresentantane vert valde for 1 år.

Styreleiaren vert vald særskilt av generalforsamlinga for eit år om gongen. Styret vel sjølv nestleiar mellom medlemmane.

Styret skal ha eit arbeidsutval med styreleiar, nestleiar og dagleg leiar som medlemmer. Arbeidsutvalet får fullmakt frå styret og rapporterer til dette for tiltak som vert gjennomførde.

6. Valnemnd og valinstruks

Selskapet skal ha ei valnemnd bestående av 3 medlemmar som skal foreslå kandidatar til styret. Valnemnda skal veljast av generalforsamlinga. Valnemnda sitt mandat og oppgåver skal vere heimla i eigen valinstruks godkjent av generalforsamlinga.

Kvart medlem av valnemnda blir valde for 2 år, men slik at 2 medlemmar skal skiftast ut kvart år.

7. Styret sine møter og gjeremål

Styret er vedtaksført når minst halvparten av styremedlemmene og vararepresentantane er til stades, mellom dei leiar eller nestleiar.

Ved likt røystetal har leiaren, eller i hans fråvære nestleiar, dobbeltrøyst.

Det skal førast protokoll frå styremøta som skal underskrivast av to styremedlemmer utpeikt av styremøtet for kvar gong.

8. Signatur

Styreleiar og eitt av styremedlemmane bind føretaket i fellesskap med si underskrift.

Styret kan gje prokura til dagleg leiar og eit av styremedlemmane.

9. Dagleg leiar

Selskapet skal ha éin dagleg leiar.

Dagleg leiar skal leie selskapet på ein slik måte at drifta vert sikra og styrka, og at tryggleik kan utviklast både for selskapet og medarbeidarar. Nærmaste overordna til dagleg leiar er styret i Skakke AS. Utanom styremøta rapporterer dagleg leiar til styreleiar.

Dagleg leiar har ansvaret for forvaltninga av selskapets menneskelege og materielle ressursar. Ho/han skal leia verksemda i samsvar med lover, føresegner, vedtekter og avgjersler fatta i generalforsamlinga og/eller styret.

Dagleg leiar skal i samarbeid med styret fastsetja verksemda sine mål og strategiar, og ta ansvaret for ei effektiv leining av alle sin innsats for å innfri disse.

Styret fastset nærare føresegner om arbeidsoppgåver og fullmakter for dagleg leiar.

10. Generalforsamling

På den ordinære generalforsamlinga skal fylgjande saker behandlast og avgjerast:

- Konstituering
- Val av ordstyrar
- Godkjenning av innkalling og sakliste
- Oppteikning av aksjeeigarane som har møtt, enten sjølv eller ved fullmektig
- Val av to personar til å underteikne møteprotokoll
- Godkjenning av årsrekneskapen og årsberetninga
- Disponering av årsoverskot eller dekking av underskot
- Avgjer i større økonomiske disposisjonar av langsiktig karakter og som ikkje ligg under styret sitt ansvar

- Val av styremedlemmar, leiar, varamedlemmar ,valnemnd og leiar av valnemnda
- Val av revisor
- Andre saker som etter lova eller vedtektene høyrar inn under generalforsamling

For øvreg gjeld dei alminnelege reglane i aksjelova kapittel 5 III. om avholding av generalforsamling.

11. Bruk av overskot. Utdeling av utbytte.

Eventuelt overskot skal utelukkande gå til vedlikehald og investeringar i Eigedommen, for såleis å fremje idretts- og kulturaktivitetar i Eigedommen. Det kan ikkje skje utdelingar frå føretaket til anna enn å vedlikehalde og utvikle Eigedommen vidare for idretts- og kulturformål. Under dette ligg at deler av overskott eller utdeling skal gå til den del av Eigedommen som utgjer idrettsanlegget og til drifta av idrettsanlegget. Den delen som skal gå til idrettsanlegget/drifta av idrettsanlegget skal tilsvara idrettsanlegget sin del av dei samla investeringane i Eigedommen (inklusive tildelte spelemidlar).

Vert overskotet større enn det som trengst til dette føremålet, skal det nyttast til å utvikle nye kultur- og idrettstilbod til beste for allmenta i kommunen, då slik at idrettstilbodet får lik del som skrive i avsnittet ovafor.

Det skal ikkje utbetalast utbytte frå selskapet til aksjeeigarane.

12. Oppløysing

Ved oppløysing av selskapet skal selskapets formue dekkja selskapets økonomiske plikter. Ei eventuell restformue skal disponerast for å fremje kultur- og idrettsaktivitetar i Etne kommune gjennom å skaffa eller tilby eigna lokalar for dette, på ein måte som stimulerer til utvikling av kultur- og idrettsaktivitetane i regionen, jf. vedtektene punkt 3. Restformua skal disponerast slik at egedelar som gjeld det idrettslege formålet, tilkjem dette formålet.

13. Overdraging av aksjar

Overdrageling av aksjar er føreset samtykke frå selskapets styre. Selskapets styre kan nekte overdraging av aksjane dersom det føreligger sakleg grunn eller overdragelsen vil medføre brot på føresegner i vedtektene.

14. Vedtektsendringar

Eventuelle vedtektsendringar skal straks sendes fylkeskommunen kor idrettsanlegget ligger, for godkjenning.

15. Elektronisk kommunikasjon

Meldingar og innkallingar til/frå styrets medlemmar, dagleg leiar og til føretakets medlemmer kan skje med elektronisk kommunikasjon.

16. Tilhøvet til aksjelova

Lov om aksjeselskaper 13.06.1997 nr. 44 (Aksjelova) gjeld for selskapet, med mindre det er gjort eksplisitt unntak i vedtektene, i samsvar med lova.